

Gamalosttinget 2014

Ostebaren

24. mai 2015 kl. 20:00

Årsmøtesaker:

1. Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet.
2. Godkjenning av møteinnkallinga.
3. Årsmelding for 2014.
4. Rekneskap 2014.
5. Val av styre og valnemnd.
6. Val av revisor.
7. Framlegg til fastsetting av medlemskontingent.
8. Styrets forslag til budsjett.
9. Saker framlagt for årsmøtet.
 - val av skrivarar og personer til å disponere konto.



Sak 3. Årsmelding 2014



Me har vore på fot i to år no, etter oppstoda i 2013. På fyrste samkoma/årsmøtet vart me positivt sjokka av at direktøren i Ostecompagniet, Rune Jenssen klaska 50.000 kr på bordet til Norsk Gamalostlag. Hurra! På årsmøtet i fjor fekk me eit endå større positivt sjokk då Jens Christensen fleska til med 130.000 kr til det vidare arbeidet. Såleis har me kunna samla oss om det verkelege arbeidet, - å fremja og verna Gamalosten, og i tillegg gjera det med stor

glede utan at økonomien held oss bakom hine ostane.

Me har fått 59 nye skinnbrevmedlemmer. Me har kapasitet til mange fleire. Skinnbrevi er fine presangar til slike som har alt, og du er i tvil om kva du skal gje dei til jul?

I Osteboki inni Gamalostaltaret på Ostebaren har osten/me fått mange helsingar, ikkje minst frå små kludrande og rablande teiknenevar. Til å byrja med tykte me det var trasig at Osteboki vart rabla i av slike "småkrekk" som ikkje viste kva dei rabla i. Men - kvifor ikkje? Det gjeld å byrja med dei medan dei er små, skal dei få eit godt tilhøve til Gamalosten. Enkelte slike små "rekrutthelsingar" er rett og slett sjarmerande. Dei som har levd så lenge at det er naturleg for dei å eta Gamalost, hugsar vel frå folkeskulen, frå Bibelsoga: "Lat småborni koma til meg, hindra dei ikkje, - -

Mange andre stolte helsingar frå vaksne finst også i boki. Ta dykk tid til å bla litt. Du kan lesa det du forventar å finna i ei slik bok, pluss mykje meir som du ikkje hadde venta å finna. Det provar at Gamalostfamilien er ein stor og ueinsarta familie, heldigvis. Både osten, etarane og hatarane har ein spennande og samansett biokjemi, og bindemiddelet vårt er Gamalosten.

Prøvesendingar: På 50-talet hadde russarane prøvesendingar ut i verdsrommet. Siste året har Gamalostlaget hatt sine prøvesendingar, ikkje fullt så langt, berre til Oslo og Bergen, til Alv Reidar Dale og Henrik Holmberg. Tre ostar har vorte sende til kvar av dei, med ein månads mellomrom. Målet med prøveprosjektet har vore å testa ut om me kan tilby abonnement på Gamalost. Dette på grunn av at mange klagar at dei ikkje får tak i han. Kanskje kan me nå slike etarar direkte? Resultatet av prøvesendingane vert lagt fram på Tingsæta (årsmøtet).

Sist haust vart Tine Vik og Gamalostlaget inviterte av Matmerk i Oslo. Ei uhorveleg mengde folk var innom messeteltet dei to dagane. Alv Reidar Dale stilte opp for Gamalosten, klaug opp på ein stol og messa utover folkehavet: "Kom hit og smak Gamalost frao Vik i Sogn. Da e mæ Gamadlâsten so mæ da fyrste kysse, ein forundarle smak nett mæ da sama, men da e ittesmakjen so e so aldeles uimotstaoele." Me har alt fått ny invitasjon til Matstreif i Oslo til hausten, og til "Bønder i by'n" (Bergen Matfestival) i Bergen. Me seier sjølvsagt "jatak" til begge.

Matmerk inviterte på nytt Gamalosten til Frankrike. Per Henning og Ingunn var i veg på nok ein vellukka tur, så vellukka og artig at de får meir utførleg referat på Tingsæta.



Sylfest Lomheim, den nasjonale språkvitaren vår, feira 70 år i vår. Kjerringi hans tinga ei osteklokke, laga av Vik Fengsel. Ostebaren spanderte ein Gamaost, og Gamalostlaget sende ei Gamalostbok med helsing på naudrim. Diverre hadde me for kort tid på oss til å sysselsetja Gamalostskalden vår, han Ottar Wiik. Me har fått attende helsing og stor takk frå jubilanten.

Fylgjande personar er no i styret: Henning Rivedal, Eva Skeie, Ragnar Hove, Odd Rune Turvoll, Per Henning Liljedahl og Jens Brekke. Skrivar har tidlegare vore Helge Sæbø. Han har vore langtidssjukemeld. Bjørg Hønsi og Joanna Tenold har overteke skivarjobben. Me ber om at Årsmøtet formelt vel dei to til skivarar.

Me har hatt 1 styremøte og fleire "arbeidssamkomer". Me er innmelde i Brønnøysund registeret med org nr: 912 212 505. Autorisert rekneskapsfører er Vik Kontorteneste. Art/bransje: "Norsk Gamalostlag skal verka for å fremja kunnskap, bruk og medvit om Gamalost. Laget skal freista å heva osten sin posisjon i samfunnet og arbeida for å ta vare på kulturen og historia rundt osten."

Rita Nilsen gjennomførde doktordisputasen sin om Gamalosten den 28. April 2015. På desse tider er ho på veg til å bli småbarnsmor. Er årsmøtet einige i at me sender ei helsing til ho?

Resultatet av forskingi til Rita har "vår" professor Siv Skeie presentert på fagseminaret under Gamalostfestivalen fredag. Ingebjørg Kongslie har koordinert tilskiparane: Kvinne- og familieforbundet, Bygdekvinnelaget, Husflidslaget og Helselaget. Stor takk til alle desse for matnyttig og spennande samarbeid.

Heile styret i Gamalostlaget var påmelde til seminaret. Kostnaden tok laget. Me kan ikkje betre bruka økonomien enn å oppdatera oss sjølve.

Heimesida til Gamalostlaget er i ferd med å røysa seg. Me vonar på snøgg forløyising for ho òg, med offisiell opning no på Tingsæta.

I nest siste nr av vekebladet Allers – nr 18 er det eit stort oppslag om beinsvekking (benskjørhet) Det kan førebyggjast med K2 vitamin. Sitat frå Allers: "Gammelost og andre godt modnede oster gir et bra tilskudd av supervitaminet." Hurra for alles Allers!

Målet vårt vidare:

Profilera Gamalosten på messer og samkomer der mykje folk samlast, og der matekspertar er til stades, vera med og støtta opp om Gamalostfestivalen, verva fleire skinnbrevmedlemmer, etter kvart få til kommunikasjon med skinnbrevmedlemmene våre, i det heile; gjera Gamalosten endå meir synleg og tydeleg.

(Orientering: Per Henning, Odd Rune og Jens er på val i år. Desse takkar ja til attval. Dei andre i styret er ikkje på val i år. Såleis er det heilt "trygt" å vera på Tingsæta.)

Jens Brekke



Mai 2015
hovding i Norsk Gamalostlag

Sak 4. Rekneskap 2014

Norsk Gamalostlag Resultatrekneskap desember 2014



	Verkeleg hittil	Budsjett hittil	Verkeleg hittil i fjor
3300 ANDRE INNTEKTER	2 550	0	0
3500 GÅVER	180 000	75 000	0
3900 MEDLEMSKONTINGENT/SKI	9 300	65 000	0
Andre inntekter	191 850	140 000	0
Sum driftsinntekter	191 850	140 000	0
4300 KJØP	11 843	10 000	0
4305 KJØP LÆR TIL SKINNBREV	1 875	30 000	0
Varekostnader	13 718	40 000	0
Bruttofortjeneste	178 132	100 000	0
Dekningsgrad	92,8%	71,4%	0,0%
6500 GRAVERING	4 110	0	0
6540 INVENTAR/UTSTYR	10 000	0	0
Verktøy, inventar	14 110	0	0
6700 REKNESKAPSHONORAR	4 500	15 000	0
6710 HONORAR	27 963	25 000	0
Fremmede tjenester	32 463	40 000	0
6800 KONTORREKVISITA	97	2 500	0
Kontorkostnader	97	2 500	0
6940 PORTO	1 000	0	0
Telefon, porto	1 000	0	0
7140 REISEKOSTNADER, ikkje	9 089	15 000	0
Reise, diett	9 089	15 000	0
7320 MARKNADSFØRING	0	35 000	0
Salg, reklame, repr.	0	35 000	0
7770 BANK- OG KORTGEBYR	240	0	0
7790 ANNAN	135	15 000	0
Andre kostnader	375	15 000	0
Sum driftskostnader	57 134	107 500	0
Driftsresultat	120 998	-7 500	0
8050 RENTEINNEKT	113	0	0
Finansinntekter	113	0	0
Netto finansposter	113	0	0
Resultat før skatt	121 111	-7 500	0
Resultat etter skatt	121 111	-7 500	0



Norsk Gamalostlag



Balanse 31.12.2014

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Eiendeler				
Anleggsmidler				
Varige driftsmidler				
Finansielle anleggsmidler				
Omløpsmidler				
Fordringer				
Investeringer				
1920 BANK 3800.15.66757	0	148 063	148 063	0,0
Bankinnskudd, kontanter o.l.	0	148 063	148 063	0,0
Sum omløpsmidler	0	148 063	148 063	0,0
Sum eiendeler	0	148 063	148 063	0,0

Norsk Gamalostlag

Balanse 31.12.2014

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Egenkapital og gjeld				
Egenkapital				
Innskutt egenkapital				
Opptjent egenkapital				
Udisponert resultat	0	121 111	121 111	0,0
Sum opptjent egenkapital	0	121 111	121 111	0,0
Sum egenkapital	0	121 111	121 111	0,0
Gjeld				
Avsetning for forpliktelser				
Annen langsiktig gjeld				
Kortsiktig gjeld				
2400 LEVERANDØRGJELD	0	-5 848	-5 848	0,0
Leverandørgjeld	0	-5 848	-5 848	0,0
2960 PÅLØPEN KOSTNAD	0	32 800	32 800	0,0
Annen kortsiktig gjeld	0	32 800	32 800	0,0
Sum kortsiktig gjeld	0	26 952	26 952	0,0
Sum gjeld	0	26 952	26 952	0,0
Sum egenkapital og gjeld	0	148 063	148 063	0,0





Sak 5. Val av styre og valnemnd

Styret i 2014:

Hovding: Jens Arnvid Brekke
Medlemmar: Per Henning Liljedal, Henning Leiv Rivedal, Eva Vatile Skeie,
Ragnar Hove, Odd Rune Turvoll

Per Henning Liljedal, Jens Arnvid Brekke og Odd Rune Turvoll er på val. Dei tek alle attval.

Valnemnda 2014:

Valnemnda har vore Per Henning (leiar) og Odd Rune. Valnemnda rår til at Ragnar Hove og Eva Vatile Skeie blir ny valnemnd og med Eva som leiar.

Sak 6. Val av revisor

Styret rår til at Gerd Tveit blir vald som revisor. Gerd har utøvd same arbeidet for fleire lag og organisasjonar tidligare og er ein erfaren person.

Sak 7. Framlegg til fastsetjing av medlemskontingent.

Styret rår til at kontingenten blir uendra. Kontingenten er kr 300 for enkeltmedlemmar og kr 5.000 for bedriftsmedlemmar.



Sak 8. Styrets forslag til budsjett

Budsjett Gamalostlaget			
	pr stk	2015	2016
Medlemskontingent enkeltpersonar	tal	100	50
Medlemskontingent enkeltpersonar	300	30 000	15 000
Medlemskontingent verksemder	tal	3	3
Medlemskontingent verksemder	5000	15 000	15 000
Sal av rekvisita		10 000	10 000
Tilskot		75 000	75 000
SUM INNTEKTER		130 000	115 000
<i>Variable kostnader</i>			
Medlemsbrev	200	20 000	10 000
Rekvisita		5 000	5 000
<i>1ste Ostebok</i>			
Nettside		10 000	10 000
Messer / matfestivalar		15 000	15 000
Lønn		25 000	25 000
Andre variable kostnader		10 000	10 000
SUM VARIABLE KOSTNADAR		85 000	75 000
<i>Faste kostnader</i>			
Marknadsføring		25 000	25 000
Rekneskapsføring		15 000	15 000
Andre faste kostnader		5 000	5 000
SUM FASTE KOSTNADAR		45 000	45 000
DRIFTSRESULTAT		-	-5 000

Sak 9. Saker framlagt for årsmøtet

Skrivar har tidlegare vore Helge Sæbø. Han har vore langtidssjukemeld. Bjørg Hønsi og Joanna Tenold har overteke skrivarjobben. Hovdingen er ikkje registrert med prokura så me ber om at Årsmøtet formelt vel dei to til skrivarar og at dei begge får disponere kontoen til Gamalostlaget.